

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hemsedal

Emne: Bordskikk til kvardags

Bygdelag:

Oppskr. av: Ola Rudvin f. 1889

Gard:

(adresse): Hammurstadgf. 12 B^U

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Gamalt sed og skikk har vore - og er - i opp-
løysing oppe i fjellbyggdene. Folk har like etter
byskikkane meir og meir. Det gamle, faste er
borte, berre ymse leivningar er att. Særlig dei
sist 20-30 åra har ein merke det.

Dei opplysningane som her kjem, gjeld
mitt oppvekstare: tida 1900-1920. Endå var
det att ikkje så lite av det gamle. Dei faste
skikkane heldt seg endå noko så nær. Men
etter at det kom faste rutetilferdsle til bygda,
og turistferdsle og den økonomiske oppgangen
kom, gjaldt det til atters med det gamle.


Etter den gamle byggje-

måten hadde stonehuset tre
rom, forutan "svala" utanfor
(sjå risset her attmed):

Sjølve "stuga" og to klevar.

I stova var det pris med omme
framfor, lokhylla og matskåp,
bord, faste benker, seng (til
gjølvefoldet), dragbenk (til
"borva") hjalle eller "karr" ("kams").

Her var alt matsnuggel, og
her var opphaldsromet dagen
lang. - Dersom kårfolket
ikkje hadde eiga kårstove,
mykje dei gjerne kammerst
til sitt matskål. Der var



Vanleg "stuga":

1. Sval (bistag)
2. Sjølve "stuga".
3. Kammerst. el. kleven.
4. Raske = kleven
5. "Lok-hylla" (til biler, skåler)
6. "Skåp" (matskåp).
7. "Keggstol" (høgestol)
8. Stuge-bordet (matsbord)
9. Seng.
10. Pris (med omme framfor).
11. Dragbenk

det og seng, matbord, skjap, kanskje lokkhytte og. Men all kokinga gjorde dei på peisen og ovnen i stova. Serleg kjøken fannst det ikkje. Men dei som bygde nytt i min barndom, innretta gjerne raskkellervn til kokeshus eller kjøken å kalla.

Så sant det let seg gjera, et alle ved same bordet og til same tid, både husbondsfolk, borna og tenarane (om dei hadde tenarar eller arbeidsfolk). Det var ingen rangskilnad, iallfall ikkje til kvardags. (Ved gjestebod i eldre tid vart dei mest velnyrde sett til bords fyrst og fekk dei gjøveste plassane). Som ovanfor nemnt, mytta kjærfullt televn til matrom, der som dei ikkje hadde kårstove (det sistnemnde var vanlegast). Maten var den same for alle.

Ved bordet sat dei etter som det fall seg, men det vanlige var nok at husbondsfolket sat i "høggsete", me kalla (høggsetet). Og kan ikkje minnst det var skikk at borna sto ved bordet, om det har vore ein søvoren skikk, berer eg ikkje seia for viss.

Det var ikkje skikk å vaska hendene fyre måltidet, anna em når ein hadde drive med ureinleg arbeid (f. d. jordarbeid). Å ta av seg luea med ein et, var gamal fast skikk. Det gjorde ein og om ein vart ute (i skogen f. d.). For i hida var det ikkje skikk å ta av seg luea inne (om ein f. d. kom som gjest ein stad). Men den skikken kom i bruk etter kvart.

Tri gamalt av et alle or same fahet og drak av same skil eller kopp. Vassgrant og mjølk var den mest vanlege retten. Då tok kvar sin bekk grant i skeia (frå kvar sin kant i fahet), dugga den i mjølk koppen og førde den så i seg. Samstis var ein et soll. Tjyret i nyare tid ~~har~~ har det vorte vanleg med

Tallerk og kopp til kvar mann. Kaffi derimot fekk kvar i sin kopp, kan ikkje minnast same kopp der. Alle drakk or same mjölkefahd eller öl skála.

Granten vart alltid aust opp i (tre)fat, dei sette aldri gryta på bordet, heller ikkje om det var kjøvat ("maggjel"). Derimot sette dei gjerne panna på bordet (d. s. med skilt flesh).

Tallerk eller asjtt var ikkje mykje i bruk, ein greiddi seg ofte med å leggja pohlar og kjøstykke på flattbrödbitar. (Men har ikkje höyrt vado vers namn på dette).

Sukkerbetar attåt kaffi kom seinare i bruk, berre til framande vart det sett fram sukker (og så kondissukker - "krupp = sukker" el. raffinade kom sidan i bruk). Men å ta ein sukkerbete i munnen og drikke kaffi til, har aldri vore rekna for uskikk.

Det var skikk å slå kaffikoppen så full at det rann over i skála, og når ein hadde drukke skála tom, slo ein i henne på ryg.

Det faust gafflar i min oppvekst, men dei vart lite nytta. Ein brukte i staden bordkniven. (Bordkniv vart kalla "jongji"). Karane nytta gjerne holkniven sin, serleg til spekekjöt og spekeflesh.

Skieine var for det meste av tre (hjørk). Det faust og hornskieia (beskrif min laga somme slike). Vanlegvis vart skieine vaska. Men det hende og at kvar hadde si eiga skui som dei slakte vel og slakte i ei veggreve (helst hornskieier). Dette var mest komne heilt or bruk i min barndom, så vel? og minnest.

Steinty = "kalikka" var komme i bruk i

i min barndom, men det lig endi at vore gamle tre-ballerkar (diskar) og rak.

Duk på bordet vart ikkje nytta, trur ikkje det var vanleg før etter første verdenskrig.

Å etle maten ut var det slutt med i min oppvekst. Men i eldre tid, seiast det, var det vanleg at husmora sette ut alle suvl.

Borne skulle lera å eta og forsyne seg når dei vart store nok til. Men så lenge dei var små, vart dei "mata" av dei eldre (foreldre eller systen). Og når borne først fekk den vane, ville dei helst at dei vaskene skulle mata dei. Hugsar sjøl at eg gjorde krav på å verta mata (s. d. når det galdt grant) til eg var bortimot skulegammel.

Det var og ein gammal skikk at dei fogg maten til småborne. Dei tykte vel at det laut til så lenge borne ikkje hadde tenner.

Det var gammal folketro å "lesa for maten" (låg) ^{pepe og etl. måltidet.} Derimot var det ingen stad dei song for maten, det eg minnst. Det var ikkje seden for usimuly å prate eller ~~ta~~ ved bordet, dersom det ikkje skjedd til overmål. Kan herda har det vore strengare i eldre tid, men eg har ikkje høyrd noko viss om det. Det var vanleg at alle sat ved bordet til alle var ferdige. Ein sa ikkje balle for maten heime hjå seg sjøl, men alltid borte.

Kom ein framand inn under måltidet, heita han som vanleg. "Signe maten" e. dl. har eg ikkje høyrd heime. Han vart ikkje bedun til bords saman med dei andre, men om si var, vart det sett til mat åt han etterpå.

Kom det ein framand inn mellom måltidene, var det vanleg at han vart traktert med

kaffe og sværbrød. Alle tilfældige gjester skulle bedest til bords, dersom dei gav seg til ei lita skuld. Serlyg då dersom dei var langfarande. Om grammen svinta innom eit snararund, kunne det vera at han gjekk att utan at dei bad han silja nedpå. Men seden var elles at alle som kom til gards, skulle trakkerast.

Framande ("fremman=folk") vart bedne til bordsleine. Husens folk tok ikkje del i måltidet. (Slikt hadde vorte rekne for kvardagsleg og refint). Helst skulle dei framande bedast inn i kammeret med han et. Men ved bordet i stova gjekk og an.

Det var gamal sed at ein skulle "la sé béa". Det gjaldt både i gjestebod og når ein meir tilfelleleg vart beden til bords. Samtalen fall gjerne mleg sális, når moku var sett fram, kaffien kohl og thegen i kopper:

"Ja, no får du síta de burtat bolé á fá're ein kopp kaffi!"

"Á mi, é skulde no 'tji gjera nokon kóstnad! de va no 'tji minningji de!"

"Á de bli ingen kóstnad! skull é bu. Sét de no burtat!"

"Men de hadde 'tji göldé på dekke. É hadde 'tji langt gangji."

"Á, du får 'tji la're béa!"

Omlag stik fall orda - og så rusla dei framande bortat bordet. Á la seg beda høyrde med til vanleg druggskap, og dei gamle har haldt fast ved denne skikken til det siste. - 7 ellers tid, og serlyg i gjestebod, var det seden at ein mest skulle verla bruga til bords, ein skulle la dei i trøykbragen og mest dra dei bortat bordet. Men dette

6
Kann ikkje eg minnst. Det var berre at dei
bod seg undan med ord.

Å prate med ein gjest ved bordet var nok
vanleg, dersom han sat framme i stova. Men
dei sette seg ikkje bort til han med dei
samtala. -

Det var skikke at det skulle seljast mykje
mat fram: gjerne eit stort smørstaupe (om
dei elles et av eit mindre), primost eller
kvitost, rjomebrød, spekehjort og i nyare
tid bakels. Det skulle vera oppskore
fleire brødskiver ein ved komande kumme
etc, og det attverande av brødet skulle ligge
framme. Sukkerkopp med brunt sukker
(kandisukker) høyrde med. Derimot var
kaffifløyta stige i kopper fyrst. Det vart
fylt opp i kopper, og full så han kann
over laut han vera bær gongene.

Når gjesten var ferdig og gjikk frå
bordet, sa han alltid takk for maten:

"Mange takk for mat og kaffi!" - "Å,
ikkje i takke for!" fekk han til svar.

Og det vart han hevda lagt til: "Du burde
ha forsynt dei!" eller: "E ber ikkje du smakte
stort på maten!" - "Å ja, i forsynte mi
rettligt godt, i," svare den framande. -

Dersom mindreårige born kom innom,
kann det vera at dei stundom fekk litt
mat opp i fangst: ein kopp mjølk, rjomebrød
og bakels. Men var dei store nok til det,
vart dei og bedne til bordet.

4823

30-10-50.